



MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND

19 49

Namnet på vatnet Slina fjell tjerna
Kommune Bjelmund

Markarbeidet, arbeid med materialet og skriving
av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap
v/ Einar Berg etter retningslinjer frå, og i nært
samarbeid med, Konsulenten for ferskvannsfiske i
Vest-Norge - Øyvind Vasshaug.

S T Ø R N A F J E L L T J Ø R N A

Fiskeanalysen vart foreteken den 4. sept. 1979.

Vatnet ligg i Hjelmeland kommune, nærare stadfest i Årdal, nord for Størnafjellet og vest for Målandsdalen.

Arealet er snaut 3 ha. og h.o.h. 436 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men dei topografiske tilhøva skulle tilseie eit noko djupt vatn.

Det er stein og fjellstrand rundt heile vatnet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Det er ein sparsam vegetasjon i strandsona, men noko botngras og brasmegras vil ein finna einskilte stader.

Nedslagsfeltet, som er lite, femner for det meste om snaufjell og noko myr.

Tilsiga består stort sett av flaumbekker som fell inn ymse stader. Avlaupet renn ut i aust og går til Målandsdalen.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er omlag 3.0 m og fargen på vatnet brunleg-gul som indikerar påverknad av humus (myr).

Surheita pH er målt til 5.5 som er noko surt, men godt brukande for aure.

Innhaldet av kalsium (Ca/l) er målt til 2.0 mg/l og den totale hardheita (CaO/l) til 2.75 mg/l. Vatnet er såleis kalkfattig og pH utsett for store svingningar gjennom året.

Elektrisk leiingsemne (uS/cm) = 27.8.

Gjennomstrøyminga er liten.

Fisk m.v.

Auren er einerådande i vatnet.

Det vart sett ut 4 garn av ymse maskestørleik(14-18-20-24) og resultatet etter 1 fangstnatt vart 2 aurar.

Den eine vart fanga på omf. 18 og den andre på omf. 20.

Det vart teke prøver av begge fiskane og den eine var lys-rød, den andre kvit i fiskekjøttet.

Ingen av fiskane var angripne av parasittar.

Det var 1 hofisk og 1 hanfisk.

Begge var gytefisk.

Vekta var 450 gram og 41 cm - 420 gram og 36 cm.

Den eine fisken var "lite pen" å sjå til. Eit stort hovud og eit ryggbein dokka med seigt skinn. Det var uråd å få skjellprøver av denne fisken. K-faktoren var 0.65 som tilseier uvanleg mager og stygg fisk.

Den andre fisken hadde brukande skjell for aldersavlesning og ser vi på fiskelengd og årleg lengdetilvekst vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter						
	1år	2år	3år	4år	5år	6år	7år
Medellengde i cm	2.8	8.9	14.9	21.5	28.0	31.5	34.1
Årleg lengdetilvekst i cm	2.8	6.1	6.0	6.6	6.5	3.5	2.6
Antall fiskar	1	1	1	1	1	1	1

Kondiøsjonsfaktor = 0.90 tilseier mager, langstrakt fisk.

Mageprøven av denne fisken synte vannkalv og vårflugelarver. Den andre fisken var tom i magesekken.


På neste side har vi sett opp ein vekstkurve for denne eine auren frå Størnafjelltjørna og samanlikna med normalkurven for Vestlandet (5 cm pr. år).

Som vi her vil sjå, syner fisken ein forbausande god lengdetilvekst like fram til 7 års alder. Til vanleg er det ca. 25-30 aurar som dannar bakgrunnen for ein slik vekstkurve, så denne eine auren er i minste laget, men ein viss peikepinn vil den gi.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må Størnafjelltjørna karakteriserast som næringsfattig og noko surt. Vatnet inneheld eit minimalt fiskebestand.

Ser vi på dei kjemiske tilhøva så er desse brukande for aure. Prøvefisket tilseier eit nærast fisketomt vatn og mageprøver, saman med K-faktor, fortel at det er lite med mat for fisken. Lengdetilveksten er likevel god.



Som kjent spelar nedslagsfeltet ei vesentleg rolle når det gjeld næringstilgang, og fylgjeleg fiskeproduksjon, i eit vatn. Det er herfrå at vatna får tilsiga sine og dei stoffa som tilsiga fører med seg vil setja sitt preg på vatnet - enten til godt eller vondt. Nedslagsfeltet for Størnafjellet er skrint med bratte og snaue fjellsider, slik at det blir lite med mineral- og næringsstoff som gjennom tilsiga blir tilført. Ein viss næringstilgang vil vatnet

likevel få i form av flaumdrift, luftinsekter m.v.

Dei 2 fiskane vi fekk var uvanleg stygge å sjå til og dei var også gamle. Ved skjellavlesning vil det vera vanskeleg å fastslå alder for fisk over ca. 7 år, då åringane ofte ligg så tett at det er uråd å skilja det eine året frå det andre.

K-faktoren fortel at det er altfor lite mat å finna.

Gytetilheva er dårlege og noko naturleg rekruttering kan ein ikkje rekne med.

Praktiske tiltak.

For å halde eit fiskebestand i Størnafjelljtjørna i åra framover må ein basere dette på utsetjing av fisk.

Vasskvaliteten er godt brukande for setjesfisk og eit lite bestand vil kunna gi fin fisk av matnyttig storleik. Då det framleis går nokre store, stygge fiskar i vatnet, såkalla "jagarar", må ein rekne med at desse straks vil gå til angrep på event. setjefisk.

Ein må difor enten nytta stor setjesfisk eller setje ut meir småfisk enn det som ville vore naturleg. Det rettaste må vel vera å setja ut noko romsleg med småfisk, slik at ein kan få desse store fiskane opp i fin form, og deretter fanga dei med stormaska garn. Reknar vi med ei avkastning på godt og vel 3.0 kg pr. ha. skulle det årleg kunne takast ut ca 10 kg. fisk. Reknar vi vidare med at fisken ved gjenfangst skal vera ca 250 gram blir det 40 fiskar.

Ein viss avgang vil det alltid vera, slik at høvande utsetjingstal vil vera 50 stk.setje fisk pr. år. For å stelle godt med dei store fiskane kan ein fyrste året setje ut ca 100 fisk. Året etter at utsetjinga er foreteken, bør ein fiske med stormaska garn.

Størnafjelljtjørna høver godt som sportsfiskevatn, og det bør vera den primære driftsforma, men for å hauste den større fisken må grunneigarane kvar haust drive garnfiske med stormaska garn.

Vatnet er lite og oversikteleg, og fiskebestandet lett å halde under kontroll.

Stavanger 19/2 1980

Einar Berg